



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd tysdag 04.05.21 kl. 17.00 – 19.00 i Gamlebanken i Bjordal.

Tilstades: Sissel Sørebo, Geir Sørebo, Joar Oppedal, Alf Magnar Svartemyr, Kenneth Førde, Ingunn Østerbo og sekretær Ann Iren Østerbo.

Fråverande: Åge Østerbo og vara Jon Nesheim

Bibeltekst og bønn v/ Geir.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker :

- 09/21 Info frå fellesrådet v/Sissel og Kenneth – synfaring på gravplassar og kyrkjegardar på nordsida av kommunen. Utlysing av kyrkjelydspedagog stilling - Toril Lange sluttar til nyttår.
- 10/21 Geir informerte litt om dei koronarestriksjonane som gjeld no.
- 11/21 I soknet kom det inn kr. 9.619,- til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon – digitalt og bøsser.
- 12/21 Geir Sørebo blir vikarprest fram til ca 20. juni.
- 13/21 Karl Hjelmeland byrjar som vikarprest 1. aug.
- 14/21 Lavik sokn har innført 2 undergrupper under vipps. Kasserar Liv-Gunnbjørg synest foreløpig at vi ikkje har behov for det.
- 15/21 Alvæstemne søndag 30. mai.
- 16/21 Toril sender ut invitasjon til konfirmantane 2021/22. Ho vil gjerne vere med på eit møte i soknerådet i august/september. Vi vil ha eit møte i trusopplæringsutvalet 18. mai for å planleggje opplegg for hausten.
- 17/21 Det var minnegåve til Ortnevik kyrkje i samband med Magne Fitje si gravferd.

Sakliste

Sak 22/21 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 9. mars.

Vedtak: Møteprotokoll frå 9. mars vart godkjent.

Sak 23/21 Desse arrangement/tiltak har vi hatt sidan forrige soknerådsmøte :

- Gudsteneste i Bjordal 14. mars – 13 personar.
- Påsketidsvandring – kunstplakatar med bibeltekstar hang på kyrkjeveggen i Ortnevik frå onsdagen før påske til påskeaftan. I Bjordal frå påskeaftan og heng der framleis.
- Dåps gudsteneste i Ortnevik 1. april – 20 personar.
- T- dag i Bjordal kyrkje 13. april for 1-5 kl – 4 born + Toril, Mari-Ann og Ann Iren. Tema var påskevandring og påskeformings-aktivitet.
- Dugnad på kyrkjegarden i Bjordal 19. april – 3 personar.
- Konfirmantundervisning i Ortnevik 20. april.
- Samtale gudsteneste i Ortnevik fredag 23. april – 23 personar. Konfirmantane var aktive, Solveig spelte kornett og Ole gitar.
- Gudsteneste og årsmøte i Bjordal kyrkje 2. mai – 16 personar. Kantor Gerda Otterstein spelte melodiar til ny liturgi. Det vart lagt fram for soknemøtet forslag til val av liturgisk musikk, men det var ingen innvendingar - greitt å halde seg til noko som er kjent.

- God helg v/Geir Sørebo finn du fortsatt på nett.

Sak 24/21 Revidert gudstenesteordning – val av liturgisk musikk

Sokna i Høyanger kommune valde i haust kvar sin representant til eit gudstenesteutval som skulle arbeide med lokal grunnordning for høgmesse og familiegudsteneste. Ein skulle også velje musikk ut frå ulike alternativ. Det har vore to møte i utvalet. Musikken vart presentert av kantor på årsmøte 2. mai. Melodiane er godt kjende.

Vedtak: Soknerådet vedtok lokal grunnordning og liturgisk musikk i tråd med forslag frå gudstenesteutvalet.

Sak 25/21 Gudstenesteplan for sommar og tidleg haust 2021

17. mai – Bjordal kl. 11.00 og Ortnevik kl. 13.00 – I Bjordal vil ein samarbeide med 17. nemnda om musikken, evt. korps frå Lavik, og at ein kanskje kan ha ei friluftsgudsteneste på helikopterlassen - Geir held kontakten.

I Ortnevik blir gudstenesta i kyrkja som vanleg. Joar har ansvar for å skaffe kyrkjevert.

2. pinsedag 24. mai – Bjordal kl. 11.00.

13. juni – Dåpsgudsteneste i Ortnevik – 2 barn – her kan det bli aktuelt med to gudstenester om koronarestriksjonen krev det. Familiane skriv liste. Joar og Ann Iren har ansvar for blomster på alteret.

20. juni kl. 12.00 - Friluftsgudsteneste på Sørebo – Sissel lagar natursti, Ingunn bakar sjokoladecake, Kenneth kan hjelpe med praktisk arbeid. Geir avtalar med Tore Osen, som har laga mange fine natursalmar, om han kan vere med denne dagen. Vi får med på plakaten at det blir mulig å grille og at kvar tek med maten dei treng til det.

11. juli kl. 16.00 – Bjordal – Sissel og Ann I. fordeler oppgåver.

29. juli kl. 18.00 – Friluftsgudsteneste på Sande – kyrkjekaffi, vi treng nokon til å spele.

Dåpsgudsteneste i Ortnevik 1. august.

22. august kl. 16.00 - Presentasjon av nye konfirmantar i Bjordal.

5. september konfirmasjon i Bjordal kl. 11.00 og Ortnevik kl. 13.00 – helsing og gåve frå soknerådet.

3. oktober kl. 12.00 – hausttakkegudsteneste på Massnes.

Vedtak: Soknerådet slutta seg til gudstenesteplanen. Oppgåvene ved gudstenestene blir fordelte av leiar og sekretær.

Sak 26/21 Tre på Ortnevik gravplass

Frå kyrkjeverja har vi fått følgjande e-post: «Bjordal og Ortnevik sokneråd bør ta stilling til fjerning av store tre på gravplassen. Dette fordi røtene skaper problem i samband med graver. Når røter må sagast av, aukar faren for at tre kan velte i vind, og skade kyrkja.»

Det er allereie teke ned tre som stod nær kyrkja og difor kunne vere ein fare for kyrkja.

Leiar og nestleiar/kyrkjetenar har hatt ei synfaring 23. april. Dei trur ikkje dei store trea som står att, er til fare for kyrkja. Det ein kan vurdere på eit seinare tidspunkt er om ein skal tynne ut rekkja med tre som står nærast gjerdet. Dei er etter kvart blitt så store at dei veks inn i dei to store «sypressane». Då dette kom opp på årsmøte var det ynskje om at ein fekk ein kommunegartnar til å sjå på saka og vurdere stell av trea.

Vedtak: Soknerådet går foreløpig ikkje inn for felling av fleire tre ved Ortnevik kyrkje. Ein oppmodar kyrkjeverja om å be kommunegartnaren gjere ei vurdering.

Sak 27/21 Stoff til neste Helgestunder.

Vedtak: Sissel skriv om Bjordal Misjonslag som er 150 år i år.

Intervju med Karl Hjelmeland v/ Geir.

Bilde frå 17. mai .
Intervju med teologistudent som er sommar vikar ?

Sak 28/21 Møteplan vidare.

Vedtak: Dersom det ikkje kjem nye viktige saker, satsar vi på neste møte tysdag 24. eller 31. aug. kl. 17-19 i Gamlebanken. Datoen må høve for Toril Lange og Karl Hjelmeland.

Eventuelt

Sak 29/21 Prioritering av kyrkjevedlikehald på Sørsida for dei kommande åra.

Fellesrådet har bede sokneråda om å føreslå prioritering av vedlikehald og investeringar i kyrkjer og på gravplassar etter ei tilsendt liste som er laga etter synfaringar.

Måling av bårhuset i Bjordal kan gjerast dette året, då Kenneth Førde tek på seg å gjere det som dugnad. Rømmingsveg frå galleriet i Bjordal kyrkje tenkjer vi oss løyst gjennom innkjøp av taubrennstige som kan festast over rekkverket ved behov.

Det kan kjøpast inn i 2021. Når det gjeld sanitærtilbygg i Ortnevik, kom det fram at det kanskje skal planleggast eit brannbygg ved parkeringsplassen. Kyrkjetenaren skal ta kontakt med kyrkjevevja om dette.

Vedtak: Soknerådet tenkjer seg fylgjande prioritering:

1. Innvendig måling i Ortnevik kyrkje
2. Universal tilkomst til Ortnevik kyrkje
3. Vedlikehald og måling av klokketårn i Ikkjefjord

Sak 30/21 Brannfare og renovasjon på gravplassane

Det kom fram uro over bruk av lys på gravplassen. Lykter er knuste og batteri er lagt i restsøppel. Dette er ei sak som bør takast opp i fellesrådet så ein får sikker handtering på alle gravplassane. God informasjon kan vere viktig.

Vedtak: Leiaren tek dette opp med kyrkjevevja

Møtet vart avslutta med Fager kveldssol smiler.

Sissel Sørebo
leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Lavik kyrkjekontor
Høyanger kyrkjekontor